

Bygdabladet

for BOKN



Norgescupavslutning s. 4



Fjellauremiddag s. 2



Ny bok s. 9



Ny leikeplass s. 11

Bygdabladet



www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

Redaktør Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Journalist Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar.alvestad@bokn.kommune.no

Medarbeidar Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda.ognoy@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Johannes Nilsen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål

GJELDANDE ANNONSEPRISAR

| | |
|--------------------|--------------|
| Heilside | kr. 625,- |
| Halvside | kr. 375,- |
| Kvartsida | kr. 188,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 62,- |
| Fastann./fargeann. | etter avtale |



Stort forsidebilde:

Norgescup-finale i trial på Torland
07.09.08

Foto: Hans Faye

MMS

Månadens MMS-bilde for august

Bygdabladnemnda sine nominerte denne gong var *Økologisk frukt* (Margunn Taraldlien) og *Fjellauremiddag* (Elisabet Taraldlien).

Vinnaren er **Elisabet Taraldlien**, som får eit kommune-krus. Gratulerer!

Bildet ser du på framsida og i albumet i nettutgåva.

Nye MMS-album i nettutgåva

For at det skal bli enklare å finna fram blant alle MMS-bildene som etterkvarthar kome inn, vil det bli oppretta slike album for kvar månad. Følg med på nettet!

- redaktøren -



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Full bemanning

Bokn kommune er nå i den situasjonen at alle kommunale stillinger er besatt. I kommunal samanheng er dette ein ganske unik og gledeleg situasjon, og går på tvers av det bi-letet ein ser elles i landet.

Konsekvensen av den høgkonjunkturperioden me har bak oss her til lands, var at både offentleg og privat sektor hadde problemer med å rekryttera kvalifisert personell til ledige stillinger. Dette er framleis kvardag for dei fleste andre kommunane i fylket, sjølv om ein nå så smått ser endringar i kjølvatnet av rentehevingane den siste tida.

Sjølv om situasjonen fort kan snu, kan me per i dag altså gleda oss over at me i Bokn har tilsatt dyktige medarbeidrarar i alle seksjonane.

Kommuneplanrulling

Ein av dei viktige jobbane som skal gjerast denne perioden, er rulling av kommuneplanen for Bokn. Måndag 08.09.08 hadde kommunestyret oppstartsmøte der inviterte foredragshaldarar presenterte ulike infrastrukturprosjekt som vil få betydning, direkte og indirekte, for boknasamfunnet i tida framover.

Nå når det viktigaste styringsdokumentet for Bokn skal utarbeidast, må ein politisk og administrativt planlegga med utgangspunkt i etablering av både næringsparken i Gismarvik og næringsparken ved Hydro på Karmøy, som legg til rette for mange hundre nye arbeidsplassar i nærområdet vårt, oppstart av T-sambandet, som kortar ned reisetid- og avstand i regionen vår, samt Rogfast.

Bokn har med sin sentrale plassering, størst vekstpotensiale i regionen, både befolkningsmessig og økonomisk, i fylge foredragshaldarane. Leiinga ved næringsparkane har som målsetjing at det innan 2020 skal investeraast for 20 milliardar

kroner. Med eit slikt utgangspunkt blir det ein spennande prosess for oss folkevalde å jobba fram eit dokument som skal seia noko om korleis Bokn skal sjå ut i framtida.

Planprosessen er open og difor er det også ynskjeleg at innbyggjarane kjem med innspel til oss politikarar, slik at kommuneplanen blir så utfyllande som mogleg.

TV-aksjonen 2008

Sundag 19. oktober er det klart for nok ein nasjonal dugnad i Noreg. NRK eig tv-aksjonen og NRK sitt innsamlingsråd tildelte i år tv-aksjonen til den diakonale felleskristne avhaldsorganisasjonen Blå Kors.

Aksjonen har som mål å hjelpe menneske som slit på grunn av eige eller andre sitt rusmisbruk, med særskilt fokus på barn. Pengane som kjem inn skal delast likt mellom prosjekt i Noreg og utlandet.

Eit døme her til lands er "Barnas stasjon". Dette er meant å vera ein trygg møtestad for barnefamiliar der barna skal stå i fokus. Barnas stasjon skal vera eit verkemiddel for at barn skal få høve til å veksa opp i eigen heim, og i eit trygt og godt nærmiljø.

Eg håpar flest mogleg melder seg som bøssebærarar denne dagen, og eg vil samstundes oppmøda boknarane til å ta godt i mot dei frivillege og bidra til ei viktig sak.

Sjå også neste side.

Ordføraren





Blå Kors

Formannskapet har vedtatt at Bokn kommune gir 20 kr. pr. innb. til årets tv-aksjon!

TV-aksjonen Blå Kors skal hjelpe mennesker som lider på grunn av andres eller eget rusmisbruk.

Det finnes 4,7 millioner øyenvitner til rusmisbruk i Norge. Altfor mange av dem er barn.

Rusmisbruk koster samfunnet 18 milliarder i året. For mange barn koster det enda mer.

Ta godt i mot bøssebærarane 19. oktober!

Basar på skulen 17. oktober

For sjette året på rad inviterer skulen til basar i samband med TV-aksjonen.

Denne gong blir det fredag 17. oktober kl. 10.00 – 12.30 – to dagar før den nasjonale innsamlingsdagen.

Som alltid er bygdafolk velkomne med gevinstar til basaren. Sal av kaffi, saft og heimebakst. 5 kr. pr.lodd.

Alle er velkomne!



Blå Kors

TV-aksjonen Blå Kors skal drifta, støtte og sette i gang mange prosjekter i Norge rettet mot barn og unge som rammes av voksnes rusmisbruk.

I Norge finnes det mange barn som vokser opp i familier med rusproblemer. Helsedirektoratet anslår at det dreier seg om minst 120.000 barn på landsbasis.

Barn som vokser opp med rusmisbrukende foreldre får en oppvekst preget av mye uforutsigbarhet, mangefull omsorg og mye ansvar.

Halvparten av midlene som samles inn under TV-aksjonen, går til barn utenfor Norges grenser som lider under andres eller eget rusmisbruk.

Rusavhengighet ødelegger livet for millioner av mennesker verden over, og forverrer eksisterende problemer, nød og lidelse.

Det har likevel vært lite fokus på rus-problematikk i bistandsarbeid. Rusavhengighet er en fellesnevner i forhold til mange verdensomspennende sosiale problemer som fattigdom, vold, barnedødelighet, hiv/aids og menneskehandel.

+BLÅ
KORS

TV-aksjonen
19. okt på NRK

www.tvaksjonen.no

Norgescupavslutning på Bokn

Kjetil Hamre

Pluggen motorklubb tok i bruk området på Torland (bilde på framsida av bladet) for å arrangera avslutningsrunden i Norgescupen i trial 7. september.

Praten rundt om i sesjonane tyda på langveisfarande frå det meste av landet, men han vart alltid halden i ein fin tone.

EKTE EKSOSRYPE: Ine Susanne Jensen frå Randaberg er den tøffaste av dei tøffe. Ho blei nr. 2, både på Bokn og i Norgescupen samanlagt.



Underteikna hørde utøvarar og partnarar som støtta kvarandre og kom med gode råd heile tida. Tonen var med andre ord kjempefin!

Eg konsentrerte meg i første rekke om fotooppgåva i byrjinga, og gjennom linsa vart det eine spektakulære augeblink fulgt opp av det andre. Det er utruleg at det på to hjul går an å komma seg fram i terrenget på slikt vis. Det har nesten elegansen til ein balett over seg til tider.

Spenning

Konsentrasjonen hjå utøvarane kunne lesast tydeleg i andletet og spenninga hjå tilskodarar og familie kunne skjerast i med kniv. Ein vert fort riven med i ein slik atmosfære.

Veret var og bra. Det var nokre få dråpar i lufta ei kort stund og då såg eg for meg at ei allereide vanskeleg oppgåve skulle verta endå verre. Heldigvis kom sola og jaga bort dei mørke skyene som var over oss.

Små og store storkoste seg på Torland, både deltagarar og tilskodarar. Arrangementet var eit samarbeid mellom Karmøy trial, KNM Haugaland og Pluggen motorklubb frå Bokn og gjekk knirkefritt så langt som underteikna erfarte.

Knirkefritt

Eg fekk huka ein travel juryformann, Harald Paulsen, der han kom med veska si full av notat på veg heim til Riska, og kva var vel meir naturleg enn å spørja om han hadde hatt ein travel dag?

- Travel ja, men ikkje på grunn av misformøyde deltagarar og leiarar i klubbane som hadde deltatt.

Han hadde ikkje måttå behandla ei klagesak og alt hadde gått knirkefritt. Det hadde vore deltagarar frå heile landet og alle hadde gitt positive tilbakemeldingar.

Terrenget hadde vore utfordrande, og her legg eg til spektakulært for tilskodarar og underteikna. Dei hadde vore litt redde for regnver, og at det var jomfrueleg jord det vart kjørt på, men dette løyste seg på beste måte.

Skrytet av arrangementet ville ingen ende ta og lovorda kom tett. Hendinga stod ikkje tilbake for noko, og på så høgt nivå var dette ei sterk prestasjon av klubbane bak.

Oppfordra

Deltakinga frå området utanfor Rogaland hadde og vore formidabelt, så dette kan gjenomførast ved ei seinare anledning. Paulsen har alleie oppfordra Pluggen til å ta på seg slikt til neste år.

- Men då må nok overtalelsane vera kraftige, humra han lett.

Bygdabladet hiv seg på dette, men innser nok at eit slikt krevande arrangement treng ein litt tid på å ta over seg.

Paulsen la og til at det har blitt arrangert to norgescupstemne i Rogaland i år, på Riska og sjølvé finalen her på Bokn. Dagen før stemnet på Bokn vart det og arrangert NM i Haugesund.

Rørt stemneleiar

Eg snakka også med stemneleiar Ragnhild Trosnavåg, og ho kunne ikkje skryta nok av alle dei frivillige som dro arrangementet i land.

- Det er ein fantastisk innsats som er lagt ned, seier ho rørt.

Ein kan trygt seja at det har vært eit vellykka arrangement og det er lagt ned eit enormt arbeid av frivillige og lag i prosessen som har pågått.

Ho er og nøgd med boknarane som stilte opp som publikum, og dei



FINN VEGEN UT AV LABYRINTEN: Harald Trosnavåg (Klasse C) fekk tredje plass, både på Bokn og i NorgesCupen samanlagt.

fekk heilt sikkert mykje igjen for å leggja dagen til Torland og det spektakulære showet som vart presentert. Apropos terrenget var det mang ein klubb som var både imponert og misunneleg over moglegheitene som var her ute.

Ho vil og takka deltakarane og leiarane for at dei behandla dommarar og andre så fint. Dei har fått god kursing, og tilbakemeldingane gjekk på at ei slik oppgåve kunne dei tenkja seg ved ein seinare anledning også.

Anar me at det kan verta eit nasjonalt arrangement ein gong i framtida her på Bokn igjen?

Eg vil og takka for ei oppvisning eg seint vil gløyma, og ønsker alle som har deltatt på stemnet, både som deltakar, leiar og frivillig, lykke til i framtida og velkommen tilbake ved nes-

Resultatlister kan du sjå på

<http://www.bokn-trial.com/>



BOKN SIN ANDRE DELTAKAR: Martin Trosnavåg (Klasse B), nr. 3 frå høgre, blei nr. 6 i runden på Bokn, og fekk ein fin 5. plass samanlagt i Norgescupen.

Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

Andel av Grønnestadvegen 178 (Gnr 25, bnr 1) er overdradd fra Randi Helene Bye til Ole Meyer Bye

(05.08.2008)

Andel av Grønnestadvegen 178 (Gnr 25, bnr 1) er overdradd fra Ole Meyer Bye til Harald Inge Bye, Odd Gunnar Bye og Reidunn Helene Bye

(05.08.2008)

Gnr 15, bnr 18 er solgt for kr 2.950.000 fra Håvard Hetland til Gro Kvilstad Klungtveit og Jan Erik Klungtveit

(08.08.2008)

Gnr 11, bnr 295 er solgt for kr 70.300 fra Bokn kommune til Mona Sæbø og Tor Inge Sæbø

(22.08.2008)

Kjelde: Statens kartverk

Tresking av havre samla 150

Reidar Alvestad

På Håland i Tysvær har John Arne og Beathe Medhaug saman med Elisabeth og Odd Bakken i 7 år samla folk for å treska havre som dei har dyrka på ein liten jordflekk på garden til dei førstnemnde.

Elisabeth og Odd Bakken er foreldre til Ragnhild Trosnavåg i Alvestadkroken.

Laurdag den 30.august var det på 'an igjen. Sjølv hadde dei skore og tørka kornband, og frå Bokn hadde Ingvar Alvestad med seg ein del kornband med havre frå ein liten kornåker i Alvestadkroken.



Ingvar Alvestad har sett dei siste kornbanda opp i ein rug. I bakgrunnen ligg den vesle kornåkeren.

God kvalitet

Kornet frå Håland var skore ei tid før treskinga, medan det frå Bokn vart skore i dagane før sjølv treskinga. Det syntet seg i treskinga at kornbanda frå Bokn hadde hatt for lita tid på seg til å tørka, og dette vart ei ulempe i treskinga. Så der fekk ein ei erfaring til neste gong. Kornet frå Bokn var elles



Interesserte frå Tysvær studerer treskemotoren som er over 100 år gammal. Han er produsert i USA. Heilt til høgre står Odd Bakken.

av god kvalitet.

Livleg i tunet

Etter kvart som klokka nærma seg 12, var det samla minst 150 interesserte naboar, slekt og vene i gardstunet. Nå venta dei berre på at treskemotoren skulle starta slik at treskinga skulle koma i gong.

To av brørne til Ragnhild Trosnavåg sto for sjølv treskinga ved å mata treskeverket med kornband. Men først måtte dei skjera av bendelen som var rundt kornbandet, og mata verket jamt og trutt. Det er ein eigen teknikk å setja bendlar rundt kornbandet (bendlar). Det må ikkje vera for vått skal ein få det til.



Her står brørne til Ragnhild Trosnavåg, Harry til høgre og Kristian til venstre og matar treskeverket med havre. Det gjekk som smurt, og kornet rann oppi sekkena lenger framme på treskeverket.

Sjølvे treskeverket og motoren høyrer til på garden til John Arne og Beathe Medhaug på nabogarden. Han er opprinnelig frå Bokn, og hadde god kontroll på treskemotoren og verket. Han kunne forklara korleis prosessen gjekk frå kornbanda



På sida av treskeverket kjem kornet ut i tre sorteringar. Det beste kornet kjem i første sekken til høgre. På bildet ser me frå v. Vidar Aarhus som er interessert tilskodar frå Tysvær, Ingvar Alvestad frå Bokn, og John Arne Medhaug frå nabogarden.



Som seg hør og bør kom det ein gamal mjølkebil med mjølke-spann opp til garden og forsterka det nostalgitiske preget saman med treskeverket.

vart putta inn i verket, og fram til at korn, skolm og halm kom ut i andre enden. Sjølve treskeverket er produsert i Sverige i 1939.



Elisabeth Bakken i prat med Ingvar Alvestad.

halm.

Konrad Odland fortalte meg at han hadde sett at dei hadde treska erter i dette treskeverket i si tid. Dei kunne også stilla det inn på å treska bygg, fortalte John Arne Medhaug, og synte korleis det kunne gjerast.

Etter kvart minka det på kornbanda, og sekker med korn fyltest. Under treskeverket låg ein haug med skolm, og i enden låg ein stor haug med



Ein stor haug med halm er eit biprodukt etter at treskjinga er over.

Sommartreff

Opprinnleig var treskinga starta for at yngre og komande generasjonar skulle få oppleva korleis dette skjedde før i tida. Etter kvart har det utvikla seg til å bli eit årleg hausttreff, for vanlegvis har det gått føre seg seinare på året enn nå i 2008.

Sjølv om det er treskinga som er det store, er det også mange som blir nokre timer etterpå for å nyta veret, og ikkje minst ta seg ein kopp kaffi og noko av alt som var laga av kaffimat, festgraut og anna.

Sjølv om me frå Bokn ikkje kjende så mange, var det tydeleg at dei fleste andre var kjenningar, etter praten å dømma. Då me gjekk, var det ennå mange som sat att i tunet med ein kaffikopp og noko å bita i. Eg går ut frå at folka på garden har hatt hjelparar med seg for å få alt i stand denne dagen.



Til Tusenårspllassen i Bokn

Ingvar Alvestad fekk med seg havre som skal tørkast og seinare malast i kvernhuset på Tusenårspllassen ved Kvednabekken. Då kjem dei også med korn frå Håland i Tysvær. Den kverna dei har nyttet tidlegare i Tysvær, har vore utsett for hærverk, og kan ikkje nyttast.



Mange kosa seg i det fine veret med kaffi og mat etter treskjinga.



Vern av pusleblom

Jardar Havikbotn

Miljøvernminister Erik Solheim ber Bokn passa godt på sterkt trua art.

Kyrre Lindanger har, som alle andre ordførarar i landet, fått postkort av miljøvernministeren kor han oppfordrar til å vera med og ta vare på naturmangfaldet. Alle kommunane har fått ulike bilder og tekstar om dyr, planter, sopp eller lav dei blir bedne om å ta spesielt godt vare på.

Målet er at innan 2010 - 960 dager etter at kortet er mottatt - skal Norge ha klart å stogga tapet av mangfaldet i naturen.

Dei viktigaste truslane gjeld endringar i beitetrykk og vassdragsreguleringar. Pusleblom er ganske nyleg funnen på strandberga i Arsvågen.

Pusleblom (*Anagallis minima*) er ein sjeldan plante som veks på strandenger og ved elveosar og i søkk på strandberg i kyststrøk frå Østfold til Sogn og Fjordane.

Av om lag 120 kjende førekommstar veks han i dag berre på om lag ein tredjedel av desse, og arten blir no rekna som "sterkt trua".

Bygdabladet kjem tilbake til prosjektet.



Bokn er landets tredje beste kommune å bu i

Jardar Havikbotn

I ei ny kommuneundersøking utført av Telemarksforskning, enda Bokn på ein solid tredje plass.

Telemarksforskning har undersøkt 83 næringsregionar over heile Noreg. Av dei ti mest attraktive regionane, er ni på Austlandet. I denne undersøkinga enda Bokn på ein tredje plass når det gjeld kva kommune som er mest attraktiv å busetta seg i. Nabokommunen Rennesøy hamna på første plass, mens ein annan nabø, Kvitsøy, kom på 9. plass i undersøkinga.

- Bokn har, meinar eg, alle føresetnadjar for å koma godt ut i slike undersøkingar. I tillegg til at me i Bokn held høgt nivå på den kommunale tenesteproduksjonen, vil eg også trekka fram nærlieken til regionsentra Haugesund og Stavanger som lokkar med sine arbeidsplassar, næringsverksamd, handel, og flyplassar. I sum gir dette optimale tilhøve for boknarane, seier ordførar Kyrre Lindanger i ein kommentar til Bygdabladet.



Ordførar Kyrre Lindanger er svært godt nøgd med kåringa av Bokn som landets tredje beste kommune å bu i.

Forskarane har vurdert kommunar, regionar og landsdelar ut frå mellom anna flyttemønster. Ringerrike blei kåra til den mest attraktive regionen.

Resultatet frå denne undersøkinga er svært ulik den oversikta som Dagens Næringsliv og Statistisk Sentralbyrå presenterte i sommar, der kraftkommuner var best å bu i. I denne undersøkinga hamna Bokn på ein 145. plass.

- Eg merkar meg at tre av kommunane som kjem best ut i denne undersøkinga, er små øykommunar. Dette får vera eit tankekors for dei kreftene som tek til orde for tvangssamanslåing av kommunar.

Stor kommune er ikkje nødvendigvis synonymt med stor trivsel, avsluttar Lindanger.

Ti på topp

1. Rennesøy
2. Sørumsand
3. Bokn
4. Ullensaker
5. Eidsvoll
6. Sør-Odal
7. Hole
8. Skedsmo
9. Kvitsøy
10. Aurskog-Høland

Ti på botn

1. Ulstein
2. Vanylven
3. Sande
4. Herøy
5. Hareid
6. Volda
7. Ørsta
8. Kautokeino
9. Nordkapp
10. Lebesby

Kjetil Hamre i ord i bilder

Jardar Havikbotn

I den nye boka til den lokale forfattaren blir leserane også kjende med fotografen Kjetil Hamre.



Diktarens andre bokdraum er ein realitet. "I ord i bilder" inneholder bilder som han har skrive dikt til. Alle bildene i boka, utanom eitt frå minnesmerket over Sleipner-foriset i 1999, er frå Bokn, og då seier det seg sjølv at boka er ei lita vandring i Bokns flotte natur i tekst og bilder.


Poeten fortel at det visulle støttar teksten og omvendt. Han håpar at dette spesielle med boka vil gjera ho lettare å selja enn ei vanleg diktsamling.



Kjetil signerte og selde bøker under årets sommarmarknad i Foresvik 12. juli, både "Med små bokstavar og korte skritt", smakebitar frå "i ord i bilder" og "Severdigheter i Rogaland" (den siste for kommunen).

- Det er meir underhaldningsverdi i denne boka, og tekstaner er ikkje så djupe, seier diktaren med eit lurt smil.

Tom Gaudland i Publica Bok AS fortel til Bygda-bladet at boka etter planen skal koma ut i midten av oktober. Ho har same format som diktsamlinga frå 2006, "Med små bokstavar og korte skritt" og er på 100 sider, med gjennomgåande fargestrykk. Boka vil koste kr. 249 og skal selgast via bokhandlarar og nett-bokhandlarar over heile landet.



Talent

Gaudland kallar boka vakker, og seier at den talentfulle forfattaren skriv med følsom penn og understreker det heile med flotte naturfotografi.

Det verkar som om bokforlaget har god tru på Kjetil.

- I første omgang trykker me opp 500 eksemplar, så får me sjå, avsluttar Tom Gaudland.

Kjetil er sjølv sagt spent på responsen. Den første boka er utseld, noko som er svært bra for ein debutant.

Med tanke på alle dei vakre bildene med lettfattelege tekstar og den lokale forankringa, trur underteikna salet vil gå unna. Mange boknarar har også gjennom ulike lysbildeseriar fått smakebitar av innhaldet, m.a. på fjarårets nasjonaldag. Poeten har også laga enkeltark frå produktet og selt ved ulike høve.

I nettutgåva vil du få informasjon om korleis du kan få tak i boka. Støtt opp om lokal litteratur!

Severdigheter i Rogaland

Jardar Havikbotn

Bokn kommune er godt representert i ny bok.

Den vakre boka presenterer heile 740 attraksjonar i tekst og bilder, og er eit must både for turistar og for dei som er busette i Rogaland og ynskjer å veta kva fylket har å by på.


Kjøp ho i Bokn

Du kan kjøpa boka i Servicetorget på Boknatun. Prisen er kr. 398,-

Fotograf Ivar Klungvedt har besøkt alle 26 kommunar i Rogaland og tatt flotte fotografi som det er blitt bok av. Kvar kommune er representert med severdigheter og informasjonar.

Hovudteksten i den 288 siders boka er på norsk, men er også kortfatta oversett til tysk og engelsk.

I følge forfattaren er Rogaland eit Norge i miniatyr. Her finst høge fjell og djupe fjordar, landbruksjord og skog, fossar og stille vatn, lange sandstrender, bratte svaberg, m.m.



Gjenoppbygging

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Chr. Bottolf Knutsen

Føresvik velforening sørger for at leikeplassen i Føresvik blir ny.

Den nordlegaste leikeplassen i Bokn er først ute i utbetringssarbeidet av dei kommunale leikeplassane, etter grundig kontroll hausten 2006, utført av sertifisert leikeplassinspektør.

I samarbeid med kulturkontoret har styret i Føresvik velforening (FV) laga planar for korleis leikeplassen igjen skal bli ein attraktiv stad å vera, med hjelp av nyinnkjøpte apparat i tråd med kommunestyrevedtak. Kort fortalt må leikeplassen, ut i frå gjeldande reglar på ein offentleg leikeplass, byggast opp heilt frå botn.

Dugnadsvilje

Andre helga i september hadde FV dugnad i flott haustver. Styremedlem i foreninga, Christian Bottolf Knutsen, fortel til Bygdabladet at dei så langt har hatt fire dugnadar på plassen.

Denne gongen hadde dei også sett opp oppslag om gratis sand til dei som ønska dette.

- Folk var ikkje seine om å stilla opp med både traktor m/ tilhengar, skuffer og bil med tilhengarar. Dei skulle ha sand til både støyping og til sandkassar heime, seier Bottolf.

Alle leikeapparata blei fjerna og det meste av sanden skal køyrast bort og erstattast med støtsand - såkalla EU-sand, og som ser ut som singel.

Motivasjon

FV har mykje arbeid att. M.a. skal nye apparat etter planen koma i veka 39. Desse skal støypast fast og få rammeverk rundt seg, som skal fyllast med rett sandtype.

I følge Bottolf skal to dugnader til vera nok til dette arbeidet, sjølv sagt etter kor mange som stiller opp.

Ein skulle tro at motivasjonen skulle bli forsterka når det vil ligga klatrehus, rusjebane, sjørøvarkute og krakereir (reile) på bakken og venta på å bli sette opp og tekne i bruk. Og ein del foreldre vil nok også bli få merka at apparata temmeleg raskt blir oppdaga av små og utålmodige barneauge.

Kjempejobb

Det er ein kjempejobb som er utført så langt av dei som har deltatt, og styret håpar at også fleire vil setta seg opp på dugnadstavla og gjera ein innsats.

- Målet er å ha ein markert avslutning 18. oktober, avsluttar Christian Bottolf Knutsen, som også vil retta ein takk til alle fruene som stiller med kaker og kaffi til arbeidskarane.

Billedtekstar, høyre spalte frå toppen:

1. Noko av det som ein gong var.
2. Ein leikeplass for dei vaksne.
3. Det var til tider kø for å henta gratis sand.
4. Også dei minste hadde maskin.
5. Føresvik leikeplass er førebels ein byggeplass.
6. Gratis sand blir lasta.

Under: Nytt støyp dekke under leskuret



Ny leikeplass i Øyrenfeltet

Jardar Havikbotn

Samstundes med arbeidet i Føresvik har Austre Bokn Bygdalag (ABB) halde på med å ferdigstilla leikeplass i byggefeltet på Austre Bokn.

Det er same kommunestyrevedtak, nemnd i artikkelen på forrige side, som ligg til grunn for at bygdalaget kan gjera hovudleikeplassen i Øyrenfeltet ferdig i år.

ut mot Boknasundet skulle det ikkje vera noko i vegen med rollelek-invitasjonen.

Grete Drilen Jøsang frå styret i ABB seier til Bygdabladet at dei er svært nødde med resultatet. Ho fortel om ein lang realiseringss prosess, ikkje minst i grunnarbeidet, der dreneringsbehovet forandra seg etterkvart som tomtene



Nyleg blei det sett opp ein karusell og ei sjørøvarkute. Båten har både klatreveggar og rutsjebane, og med baugen

rundt plassen blei skotne ut.

Det var i oktober 2007 at Annstein Vik tok grave maskinen fatt og la til rette for den flotte plassen det har blitt i dag. Fredrik Faye og Kurt Jøsang m. fl. har også lagt ned utallige dugnadstimer.



Det regulerte frileik-området hadde lenge berre ein liten sandkasse og eit vippedyr, før det blei kjøpt inn ein såkalla startpakke med m.a. reiler. Nå i haust har det altså tatt heilt av, og i følgje naboar er det ofte eit yrande liv på den trivelege møteplassen.



Det blir endå trivelegare når det kjem bark rundt plantene og den kvite duken blir skjult. Litt dressing med singel her og der står også på planen.

Vetle L. Faye og Ådne D. Jøsang poserer villig for fotografen og viser korleis appara ta skal brukast.

Leikeplassen har plass til nok eit apparat, og sekretären i ABB nemner at dei ønsker seg ei vippe, når dei får råd.

Øverst: Ein god sandkasse høyrer med på ein leikeplass.

Lite: - Karusellen er kjekkast, seier gutane, litt svimle og kvalmne.

Nederst: Rutsjebanen må alltid testast ut.

Ei flott sjørøvarkute med klatreveggar og rutsjebane er det største apparatet på hovudleikeplassen i Øyrenfeltet. Fv. Vetle L. Faye og Ådne D. Jøsang speidar utover Boknasundet.

Kulturkalenderen

September

30. Kommunestyremøte

Oktober

- 01. Gjennomgang av depot og utstyr, arr. Bokn RK
- 01. Basar for Den Indre Sjømannsm. på bedehuset 19.30
- 03. Kino i Auditoriet
- 04./05. Bokn dansekubb på Kretsmesterskap og 5. runde i Vestlandsserien i Stavanger.
- 05. Bokn sundagsskule 10.30
- 05. Familiespeiding på Turstien kl. 15.00
- 05. Kristen muslimmisjon, møte på bedehuset 19.30
- Veke 41 Haustferie, Bokn skule
- 12. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 14. Kommunestyremøte
- 15. Bowling m/mat, arr. Bokn Røde Kors
- 16. Fotballavslutning kl. 18.00, arr. BIL
- 16. Kontaktmøte på bedehuset 18.00
- 16. Soknerådsmøte kl. 19.30 på bedehuset**
- 17. Basar på skulen kl. 10.00, sjå s. 3**
- 17. Kino i Auditoriet
- 17. Colombiakveld på bedehuset kl. 19.00**
- 18. Auksjon - arr. Bokn musikkorps**

19. Bokn Sundagsskule 10.30

19. TV-aksjonen 2008 - Blå Kors, sjå s. 3

- 19. Møte på bedehuset – Gideon 19.30
- 21. Formannskapsmøte
- 23. Lefsebakingskurs, arr. Bokn Hagelag/"Kjekt på Bokn"
- 24. Bedehusbasaren
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 27. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 28. Speidaropptak for oppdagalar og stifinnarar i Speidarskogen kl. 17.30
- 28. Formannskapsmøte
- 29. Førstehjelp m/utstyrskjennskap, arr. Bokn Røde Kors
- 31. Kino i Auditoriet

November

- 02. Gudsteneste kl. 11.00
- 02. Familiespeiding i Speidarskogen kl. 15.00
- 04. Speidaropptak kl. 18.00
- 04. Kommunestyremøte
- 07. Basar for ABR-senteret på bedehuset 19.00
- 08. Haustfest på skulen, arr. BIL
- 09. Bokn sundagsskule 10.30
- 10. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 12. Kart/kompass/samband, arr. Bokn Røde Kors
- 13. Soknerådsmøte kl. 19.30 på bedehuset**
- 14. Kino i Auditoriet
- 14.-16. Speidartur
- 15. Seminar på skulen, Bokn brass/Rustne horn
- 16. Gudsteneste kl. 15.00
- 18. Formannskapsmøte
- 19. Sjømannskyrkjekveld på bedehuset 19.00
- 22. Bokn Dansekubb på 6. runde i Vestlandserien i Bergen
- 23. Bokn sundagsskule 10.30
- 23. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 23. Møte, NMS, bedehuset 19.30
- 24. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 26. Førstehjelpsøving, arr. Bokn Røde Kors
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Juledekorasjonar, allrommet kl. 17.30 - arr. Bokn hagelag
- 28. Kino i Auditoriet
- 29. Bokn Dansekubb, Juleavslutning på skulen kl. 13.00**
- 30. Julegrantenning, skulen kl. 16.00, arr. Bokn RK
- 30. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse

Desember

- 07. Bokn sundagsskule 10.30
- 07. Familiespeiding i gynsalen kl. 15.00
- 07. Normisjon, møte på bedehuset 19.30
- 08. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 09. Grautfest, speidalar
- 09. Kommunestyremøte
- 10. Kos og pynting på huset, arr. Bokn Røde Kors
- 11. Soknerådsmøte kl. 19.30 på bedehuset**
- 12. Kino i Auditoriet
- 12. Juletresal og grautfest, arr. Bokn Røde Kors
- 13. Julemiddag for ungdom**
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 20. Juletresal, arr. Bokn Røde Kors
- 21. Juletrefest på bedehuset 15.00 Arr. Ekornspeidalar, Småspeidalar og sundagsskulen
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset 17.00 Arr. Frelsesarmeene og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gynsal, kveld - oppdatert 22. sept. 08

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|-----|--------------------|---------------|-----------------|
| Mån | Danseskule | 15.00 - 16.30 | Wendy Riber |
| | Fotball G8 | 16.45 - 17.45 | Artur Trosnavåg |
| | Fotball G9 | 16.45 - 17.45 | Cliff Olaussen |
| | Bokn musikkorps | 18.00 - 22.00 | Odd Grønnestad |
| Tys | Danseskule | 14.15 - 18.00 | Wendy Riber |
| | Friskis & Svettis | 19.30 - 20.30 | Anette Våga |
| Ons | Danseskule | 13.15 - 16.45 | Wendy Riber |
| | Fotball G7 | 17.00 - 18.15 | Roger Jøsang |
| | Fotball J10 og J12 | 18.15 - 19.30 | Louis Medhaug |
| Tor | Danseskule | 14.15 - 17.15 | Wendy Riber |
| | Fotball G11 | 17.30 - 19.00 | Leif Kjellesvik |
| | Volleyball, ungdom | 19.00 - 20.00 | Rita Bokneberg |
| | Volleyball, vaksne | 20.00 - 22.00 | Rita Bokneberg |



Bygdabladet beklager at det av ulike grunnar har snike seg inn enkelte feil i kalenderen dette halvåret.

Me håpar det som står i dette bladet er rett. Dersom inn-sendrar framleis oppdagar feil, vennligst ta kontakt snarast slik at me får retta opp dette.

Eg minner om at arrangement kan endra både dato og innhald. Desse, samt nye arr. blir **utheva**.

- redaktøren -

Gratulerer!




Wiktor Dominik Stokowski
4 år 1. oktober.

Gratulera med dagen.

Kjempeglad i deg!

Hilsen mamma og pappa



Me vil gratulera morfar, **Odd Bakken** med 60 års dagen som var søndag 21. september.

Hilsen Martin, Harald og Sverre.



Me vil gratulera vår lille solstråle **Eiril** med 2 års dagen som var fredag 19. september

Stor klem fra mamma og pappa



Me vil gratulera **Kari Håland** på Vormdal med 50 års dagen som var 16. september.

Tusen takk for ei flott helg me hadde i lag på Rauland.

Beste hilsen fra familien din på Bokn



Me vil så gjerna få gratulera na **Hannemor Alvestad** med 75 års dagen som var den 11. september.

Stor klem fra barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn



Veronika Sæbø fylte 20 år 1. september :)

Me vil gratulera deg så masse me 20 års dagen :)

Glad i deg :)

Klem fra mamma, pappa, Audhild og Harald Andreas :)

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 7 1988

FIN TUR TIL OGNØY

Søndag den 14. August la M/F "RÅNA" presis kl. 10.30 ut frå kai i Alvestadkroken med over 30 søndagsturistar på veg til Ognøy. Underveis var ferja innom Austre Bokn og Føresvik, og med stort og smått var det mest 100 personar som tok sjansen trass i vermeldinga som spådde regn utover dagen.

I ferja var det sett opp stor grill under tak - og det viste seg at dette kom vel med då det tok til å regna seinare utover dagen.

Turen gjekk direkte til Frekasundet kor boknarane kunne konstatera at bruva mellom Ognøy og Susort på det nærmeste er ferdig.

Dei fleste gjekk i land ved bruva, og gjekk til fots dei 2-3 kilometrane på den nye vegen over Ognøy til Ognasund, kor ferja låg. Og då kom regnet!

Det var nok mange som ville sett noko meir av Ognøy enn berre vegen og dei nære områda rundt denne, men regnet la nok ein dempar på det.

Men mange var svoltne, og grillen var flittig i bruk.

Etterpå tok ferja ein tur langs land av Austre Bokn slik at folk fekk sjå kor tunellen opnar seg. Den er visstnok komen eit godt stykke innover i fjellet.

Så bar det heimover. Dei siste gjekk i land i Alvestadkroken litt før kl. 14.30. Hadde det ikkje vore for regnet, ville turen vart lengre.

Men trass i dette - dei fleste syntes nok det var ein fin tur - og eit bra tiltak frå Bokn kommune som arrangerte turen.

På kino 3. oktober



7 år

Den magiske leketøysbutikken

Les om filmene på
[filmweb.no/
bygdekinoen](http://filmweb.no/bygdekinoen)



15 år

Den siste revezjaka

Kiosk fra kl. 17.30 – velkommen til kino!

Friluftsdagen 2008

Chr. Bottolf Knutsen

Bokn idrettslag (BIL) og speiderne arrangerte Friluftsdagen 2008 søndag 31. august. I strålende vær ble det en suksess!

Tanken bak var å få til et arrangement for hele familien, noe som ALLE aldersgrupper kunne være med på, samtidig.

Vi hadde over 100 deltakere innom arrangementet, og alle som fullførte løypa fikk sin egen diplom med bilde av seg selv eller gruppa på. Før folk startet på løypa fikk de kjøpt seg nystekte lapper og pannekaker, kaffi og saft. Kiosken var også åpen for de som ville ha seg is, brus eller andre kalorier vi hadde å friste med.

Turen gikk rundt naturstien fra Foresvik til kirken og ned bakken før de var tilbake til idrettsanlegget - ca. 1,5 t løype for de som hadde mindre barn med seg.

Mange poster

Det var lagt opp til ulike kategorier på postene. Det startet med musikkpost i kjelleren på Idrettshuset, så var det kart og kompass, deretter kom endel poster som hang på trærne langs naturstien med spørsmål om fiske og natur. Så var det hengt opp saftpost i enden av stien, før turen gikk videre på grusveien med flere knuteposter langs veien.

I trollskogen hadde speiderne laget en flott apebro som var populær for de fleste barna, samt et edderkoppnett som skulle entres uten å være borti tauet. Så var det en post for de minste i enden av veien, der det var hengt opp endel figurer i et tre, fra TV-serier som de yngste ikke hadde noe problemer med å kjenne igjen. Der fant de både Hulk, Batman, Ole Brumm, m.flere.

Det var bibelpost ved kirken, med noen spørsmål rettet mot kristendom og bibelen. Til slutt var det idrettsposten på idrettsbanen, hvor store og små fikk prøve treffsikkerheten med ballspill. Alle noterte sine egne poeng etterhvert, og Merete satt klar i sekretariatet for å motta poensummen til hver enkelt lag/gruppe. Fasitene ble hengt opp på veggen på idrettshuset, så summen ble notert av lagene selv.

Merete ble sittende hele søndagen og printe ut diplomer til store og små, med bilde på.

Ny tradisjon?

Etter turen ble det salg av deilig lapskaus med flatbrød og pølse i brød, samt kaffe og saft. I det fine været ble border og stoler flyttet ut på plassen, og folk storkoste seg.

Dette ønsker vi skal bli en årlig tradisjon sammen med speiderne. Vi ser for oss at det vil bli i aug./september neste år også.

Vi håper alle hadde en fin friluftsdag sammen med oss. Noen detaljer skal justeres til neste år. Det vil bl.a. bli satset på flere poster i løypa for barna, og vi vil gi flere opplysninger til deltakere før start.

Håper selvfølgelig like mange, eller flere vil være med på Friluftsdagen 2009.

Jeg vil rette en stor takk til alle frivillige hjelgere, både i BIL, speideren og andre som fikk Friluftsdagen 2008 til å bli en suksess.

Leder i BIL, Chr. Bottolf Knutsen

Noen glimt fra en fin dag:



Haldis Grønnestad er død, 63 år gammal.

Haldis vokste opp på Austre Bokn saman med foreldra og tre sysken. Foreldra var Hagbart og Dagny Bokneberg.

Haldis reiste til Stavanger og gjekk på handelskulen der. Etter det kom ho heim til Bokn og arbeidde ei stund på hermetikkfabrikken før ho byrja på Handelslaget.

Ho arbeidde på Handelslaget til ho gifta seg med Sigmund Grønnestad i 1969. Saman fekk dei tre barn som alle bur på Bokn.

Etter at barna vart større fekk ho vikarjobb på Bokn postkontor, eit arbeid ho treivst godt med.

På fritida dreiv ho med handarbeid og var aktiv i Bokn sanitetsforening.

Folkemusikk og folkedans var ei interesse ho delte med Sigmund.

Haldis var i mange år med i styret i Bokn musikkorps og ho var elles aktivt med der barna deltok.

I 1991 fekk ho hjerneslag og sleit seinare med fleire sjukdomar.



At barn og barnbarn var så nære henne betydde mykje for Haldis.

Ho etterlet seg mann, tre barn og sju barnebarn.

Nå er det berre nokre få igjen

Elisabet Taraldlien

Det er berre nokre få av gran-gigantane igjen oppe på Kyrkjebygd. Dei står på nåde, for snart kjem dei og til å måtte vike for motorsaga.

Alt som vart skore ned i slutten på august, ligg endå og ventar på å bli fjerna. Det vil skje, men av og til tar ting litt lengre tid eller kva me hadde tenkt!

Det er nesten litt løye å sjå bygget slik det står nå, får plutselig kom det fram i lyset. Det gjorde ingen ting, for det er eit fint bygg, og me får prøve å ta vare på det så godt som me kan.

Det vil med tida kome asfalt på plassen, og endå litt seinare, litt nytt der leikeplassen er i dag.

**VERDI**

Verdien av pengar e någe tull
Verdien av hjerta kan målast i gull
Verdien av vennskap og kjærighet
Kan føra deg heilt te den evige het

Det klinne men eg har hål i mine lommar
Våren e evige sjøl om det vil bli sommar
Naturens sirklar men pengar forsvinne
Pengegaloppen føle eg aldri eg vinne

Men verdien av deg kan eg ikkje verdsetta
Den vil eg ha med renter og aldri sletta
Nå e det jo sånn at eg kan ikkje kjøpa
Den kan eg bare få du kan fritt løpa

Men eg ønske sterkt at du alltid blir
Verdien av deg kjenne ikkje at den svir
Der e pengar og kjærighet like
Uten kan det bli tomt i mitt rike

Kjetil Hamre

Ta sjansen

Armand Svendsen



Bokn båtforening arrangerte "Ta sjansen" nok ein gong, etter nokre års opphold.

Denne gongen, 23. august, noko seinare enn vanleg, men vergudane smilte i år óg med strålande sol, rundt 20 grader og vindstille.

Det vert halde konkurranser i kjent stil med balansegang i "apebruå", kapproo i balje, volleyball i vatnet, og krabbe-fiske for dei små.

Konferansier Johannes Nilssen underheldt og heldt tråden for dei frammette, med lun humor og freske kommentarar.

Premiar blei delte ut til slutt, til små og store deltakrar.

Og jaggu stakk ikkje sjølvaste Kaptein "Sabeltann" innom i Arild Nilssen sin skikkelse. På ein flåte innhylla i røyk, signal-bluss og skotsalvar kom han glidande over Humraparken. Han kom for å finna skattar og "gjera grusomme ting".

Den kjende piraten drog med dei små på skattejakt, og om ikkje det vart så mykje gull, fann han i alle fall snop. Med god hjelp av sine små medhjelparar måtte konferansier Johannes "gå planken" og fekk seg ein forfriskande dukkert.

Bokn båtforening arrangerte transport til og frå Humraparken fra Austre Bokn for dei som ikkje hadde eigen båt.

Arrangementet sitt "offisielle" program varte mellom kl. 14 og 17 på laurdagen, men det var sjølvsagt fritt fram for dei som ville vera lenger. Om kvelden samlast båtfolket nord i



STARTSKOT: Grunnarbeidet til ballbingen ved klubbhuset til Bokn idrettslag blei påbegynt onsdag 24. september.

Eit grundig forarbeid og dialog med naboar har ført til forsinkingar i byggeprosessen. M.a. har kommunen fokusert mykje på støy, og det er foretatt eigen støyvurdering av eksternt firma. Dette, i tillegg til kommunelegen sine anbefalingar, ligg til grunn for "MultiMiljø-bingen" som skal oppførast i løpet av hausten.

Entreprenør Odd Grønnestad seier til Bygdabladet at det skal vera klart til støypling av ringmur i veke 41.

Bygdabladet følger utviklinga. JH





| | |
|--|--|
| <p>021/08 SØKNAD OM SERVERINGS- OG SKJENKEBEVILLINGLØYVER</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak:</p> <p>1. I medhald av alkohollova §1-4b 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7, får Coop Marked Bokn salsløyve for alkoholhaldig drikk under 4,76 prosentvolum alkohol frå 01.07.08 - 30.06.12. Styrar for løyvet er Tor Harald Alvestad med Helga Foss som stedfortredar. Bokn kommune sine vedtekne salstider skal fylgjast. Gebyr på sal av alkoholhaldig drikk skal fylgja dei satsane som er bestemt i forskrift til alkohollova. Det vert forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på salsløyvet.</p> <p>2. I medhald av Alkohollova §§1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-3 og 4-4, vert det gitt alminneleg skjenkeløyve for øl og vin frå 01.07.08 - 30.06.12 i selskapslokala i 1. etasje i Sjøhuset i Alvestadkroken og i eit avgrensa uteområde som vist på vedlagt teikning. Styrar for skjenkeløyvet er Åse Helen Alvestad. På grunnlag av begrensa omsetnad og lite opningstid, vert det gitt dispensasjon for stedfortredar. Det vert forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på gi skjenkeløyve. Bokn kommune sine vedtekne opningstider for skjenking som svarar med alkohollova sine oppsette skjenketider skal fylgjast. Gebyr som fastsett i alkohollova skal betalast til kommunen.</p> <p>3. I medhald av Alkohollova §§1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-3 og 4-4, vert det gitt alminneleg skjenkeløyve for øl og vin frå 01.07.08 - 30.06.12 i selskapslokala og møterom i 2. etasje ved Arsvågen Kro og Gardsmat. Styrar for skjenkeløyvet er Helge Økland Risanger. Stedfortredar er Hallvard Bakken. Føresetnad for skjenkeløyve frå 01.07.08 er at styrar har bestått etablerarprøve etter serveringslova og kunnskapsprøven i alkohollova. Det vert også forutsett at politiet ikkje har noko å utsetja på gi skjenkeløyve. Bokn kommune sine vedtekne opningstider for skjenking som svarar med alkohollova sine oppsette skjenketider skal fylgjast. Gebyr som fastsett i alkohollova skal innbetalast til kommunen.</p> | <p>BNR. 3</p> <p>Kommunestyret vedtok i samsvar med utviklingsavtale mellom Bokn kommune og Bokn Plast as vidare tilrettelegging og utbygging av industriområde i Foresvik.</p> |
| <p>027/08 LØNSPOLITISK PLAN</p> <p>Kommunestyret vedtok lønspolitisk plan for Bokn kommune.</p> | <p>027/08 LØNSPOLITISK PLAN</p> <p>Kommunestyret vedtok lønspolitisk plan for Bokn kommune.</p> |
| <p>028/08 KOMMUNAL NORM FOR LEGETENESTER PÅ SJUKEHEIM</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: Norm for legetenester i sjukeheim for Bokn kommune, vert sett til 0,5 t. pr. veke pr. pasient.</p> | <p>028/08 KOMMUNAL NORM FOR LEGETENESTER PÅ SJUKEHEIM</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: Norm for legetenester i sjukeheim for Bokn kommune, vert sett til 0,5 t. pr. veke pr. pasient.</p> |
| <p>029/08 HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS - ENDRING I SELSKAPSAVTALE</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: Bokn kommunestyre vedtar å godkjenna representantsskapet i Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS sitt vedtak datert 29.04.2008 om godkjenning at Etne kommune blir tatt opp som deltakar i Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS.</p> <p>Bokn kommunestyre vedtar også at selskapsavtalens § 2 og §5 blir endra som beskrevet i rapresentantsskapet sitt vedtak av 29.04.2008 i sak 03/08.</p> | <p>029/08 HAUGALAND KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS - ENDRING I SELSKAPSAVTALE</p> <p>Kommunestyret sitt vedtak: Bokn kommunestyre vedtar å godkjenna representantsskapet i Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS sitt vedtak datert 29.04.2008 om godkjenning at Etne kommune blir tatt opp som deltakar i Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS.</p> <p>Bokn kommunestyre vedtar også at selskapsavtalens § 2 og §5 blir endra som beskrevet i rapresentantsskapet sitt vedtak av 29.04.2008 i sak 03/08.</p> |
| <p>030/08 DELEGASJON AV AVGJERDSMYNDE ETTER OPP-LÆRINGSLOVA, BARNEHAGELOVA OG FORSKRIFT OM MILJØ-RETTA HELSEVERN I BARNEHAGE OG SKULE</p> <p>Kommunestyret vedtok delegasjonsreglement.</p> | <p>030/08 DELEGASJON AV AVGJERDSMYNDE ETTER OPP-LÆRINGSLOVA, BARNEHAGELOVA OG FORSKRIFT OM MILJØ-RETTA HELSEVERN I BARNEHAGE OG SKULE</p> <p>Kommunestyret vedtok delegasjonsreglement.</p> |
| <p>032/08 Ordførargodtgjersle</p> <p>Kommunestyret vedtok auke av ordførargodtgjersla.</p> | <p>032/08 Ordførargodtgjersle</p> <p>Kommunestyret vedtok auke av ordførargodtgjersla.</p> |
| <p>033/08 BUDSJETT 2008 - INTERNT TILSYN OG KONT-ROLL</p> <p>Kommunestyret vedtok å bevilga kr 12.000,- til kurs for kontrollutvallet .</p> | <p>033/08 BUDSJETT 2008 - INTERNT TILSYN OG KONT-ROLL</p> <p>Kommunestyret vedtok å bevilga kr 12.000,- til kurs for kontrollutvallet .</p> |
| <p>034/08 ÅRSMELDING 2007</p> <p>Kommunestyret tok årsmeldinga til etterretning.</p> | <p>034/08 ÅRSMELDING 2007</p> <p>Kommunestyret tok årsmeldinga til etterretning.</p> |
| <p>035/08 ÅRSREKNESKAPEN FOR 2007.</p> <p>Kommunestyret godkjente regnskapet. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 3.826.670 vert disponert i saka om revisert budsjett for 2008.</p> | <p>035/08 ÅRSREKNESKAPEN FOR 2007.</p> <p>Kommunestyret godkjente regnskapet. Det rekneskapsmessige mindreforbruket på kr. 3.826.670 vert disponert i saka om revisert budsjett for 2008.</p> |
| <p>036/08 BUDSJETTKONTROLL 1 HALVÅR 08 - REVIDERT BUDSJETT</p> <p>Kommunestyret vedtok rådmannen sitt forslag til budsjettjustering / revisert budsjett og disponering av overskotet for 2007.</p> | <p>036/08 BUDSJETTKONTROLL 1 HALVÅR 08 - REVIDERT BUDSJETT</p> <p>Kommunestyret vedtok rådmannen sitt forslag til budsjettjustering / revisert budsjett og disponering av overskotet for 2007.</p> |
| <p>037/08 Kontrollutvalet og Bokn kommune sin personal-politikk.</p> <p>Kommunestyret tok kontrollutvalet sitt vedtak til orientering.</p> | <p>037/08 Kontrollutvalet og Bokn kommune sin personal-politikk.</p> <p>Kommunestyret tok kontrollutvalet sitt vedtak til orientering.</p> |
| <p>038/07 ÅRSMELDING 2007 FRÅ KONTROLLUTVALET I BOKN.</p> <p>Kommunestyret tok årsmeldinga til etterretning.</p> | <p>038/07 ÅRSMELDING 2007 FRÅ KONTROLLUTVALET I BOKN.</p> <p>Kommunestyret tok årsmeldinga til etterretning.</p> |
| <p>039/07 HAUGALAND VEKST IKS - ENDRING AV AVTALE-VERK.</p> <p>Kommunestyret vedtok: å slutte seg til foreslalte endringer i avtaleverket knyttet til Utsira kommune sin deltagelse i selskapet, herunder endringer i selskapsavtale, deltakeravtale, og inngåelse av ny tjenesteleveranseavtale med Utsira kommune, samt endringer av prisindeks i eksisterende tjenesteleveranseavtaler med eier-kommunene</p> | <p>039/07 HAUGALAND VEKST IKS - ENDRING AV AVTALE-VERK.</p> <p>Kommunestyret vedtok: å slutte seg til foreslalte endringer i avtaleverket knyttet til Utsira kommune sin deltagelse i selskapet, herunder endringer i selskapsavtale, deltakeravtale, og inngåelse av ny tjenesteleveranseavtale med Utsira kommune, samt endringer av prisindeks i eksisterende tjenesteleveranseavtaler med eier-kommunene</p> |
| <p>025/08 KOMMUNALE NÆRINGSFOND</p> <p>Kommunestyret vedtok vedtekter for kommunalt næringsfond.</p> | |
| <p>026/08 AVTALE MELLOM BOKN PLAST A/S OG BOKN KOMMUNE OM FESTE AV REGULERT INDUSTRIOMRÅDE GNR. 9</p> | |

15 års jubileum

Jardar Havikbotn



I "Sanitetens uke" (veke 39) deler Bokn sanitetsforening kvart år ut sykkelhjelmar til 10-åringane på skulen.

Denne gong var det leiar Reidun Grønnestad (øverst til høgre på bildet) og styremedlem Rita Bokneberg som tysdag 23. september kom til 5. klasse med flotte, harde pakkar.

Bak fv. Annelin Eide, Anja A. Knutsen, Erik Nilssen, Gabriel Hetland, Jone Våga, Robin Riber, Fredrik S. Olaussen og

foran fv. Tobias Y. Øvrebø, Sylvia M. Vatnaland, Marita L. Alvestad, Amalie Nilsen, Mari Bokneberg og Bjørn-Ove D. Jøsang og klassestyrar Wenche L. Havikbotn var svært nøgde med dei tøffe hjelmane, og vil retta ein stor takk til Bokn sanitetsforening for dei fine gåvene.

Dei besøkande sanitetsdamene var også tilfredse.

- Dette er 15. gong me driv førebyggande helsearbeid på denne måten, avsluttar Reidun Grønnestad.

Rotvelt i Kongshavn

Jardar Havikbotn

Erling Sæbø er ikkje nokon liten mann, men han blei ganske liten då han stilte seg opp med rotssystemet til eit velta tre i Kongshavn.

Han meiner det er ein søraust storm frå i vinter som har vist styrken sin. Det skal nok svært mykje krefter til for å riva eit slikt tre over ende.

Det har forresten dotti over murane til huset kor tippoldemor til Erling, Kristi Eriksdotter budde. Ho var fødd på Odland i Tysvær i 1822 og gift med Halvard Torsen Sætra Kongshavn.

Då mannen døydde, gifta ho seg i 1862 til Sæbø-haugen. Kristi sine ungar var seinare med å starta Kongshavn-rederiet i Haugesund.

Eit tre kan skapa mange historiar....



Foto: Roy Tjøsvoll



Fest for eldre og funksjonshemma torsdag 30. oktober

Bokn seniorråd/brukarråd og Bokn pensjonistforening inviterar til fest for eldre og funksjonshemma torsdag den 30. oktober kl. 17.30 på Allrommet, Boknatun

Det blir helsing frå ordførar Kyrre Lindanger

Andakt ved Per Nordbø

Allsong – Matøkt

Vidare blir det song og musikk ved Songtrioen

Forteljingar ved Venevil Birkelund

Inngangspengar kr. 50,-

Påmelding til Servicetorget tlf. 52 75 25 00 mellom kl. 08.30 – 15.00 måndag – fredag innan torsdag 23. oktober

Alle er hjarteleg velkomne!



Slik såg det ut etter at mott og sopp hadde kosa seg nokre år utan innblanding frå skadedyrbekjemparen.

torever. Det førde til at dei to søstrene kraup opp i same senga for å trøysta kvarandre.

Ikkje før var den eine systera komen under dyna til den andre, så høyrdest ein smell og ei voldsam risting i senga. Då dei skulle til å sjå, hadde beina i senga gått tvers gjennom golvet. Motten hadde ete golvborda så veike at dei ikkje lenger heldt to skrinne skinn.

Mott

Info fra legekontoret

Bokn legekontor holder pga. kurs stengt i følgende tidsrom:

Mandag 6. oktober – fredag 10. oktober
Torsdag 16. oktober – fredag 17. oktober

Du forholder deg slik dersom du har behov for legehjelp på dagtid i denne perioden:

- 1) Recepter og andre "småting": Få time hos dr Rønnevik før eller etter han drar på kurs. **Tlf. 52 75 25 40.**
- 2) Dersom du allikevel trenger legetime i denne perioden: Bestill time hos Rønneviks vikar, dr Egenberg i Aksdal. **Tlf. 52 75 88 00 (telefontid 08-11 og 13-15).**
- 3) Trenger hjelp akutt:
Ring Bokn legevakt tlf. 52 74 85 22.
- 4) Behov for øyeblikkelig hjelp: 113.

Hilsen oss på Bokn legekontor

Mott, maur, mus og anna pakk

Birger Lindanger

Ein ven av meg fortalte at han hadde to eldre tanter som budde saman. Huset hadde dei arva etter foreldra, og det var ikkje til å koma frå at det var eit og anna mothol å sjå. Dei hadde kvart sitt rom og kvar si seng. Men ei natt braka det laust eit overhending

Slike hendingar som er nemnde over, kjem det derre til å bli fleire av. Det stadig mildare og fuktigare klimaet vil gje skadelege insekt trivelegare levekår. Dei blir både fleire og spreier seg over nye område. På Bokn er det helst mott, stripet borebille som ho heiter på fint eller *Anobium punctatum* om me vil imponera, som herjar mest.

Ikkje få bygningar er komne i forfall på grunn av dette vesle insektet. Dei små runde hola med boremjøl under, viser kvar dei har hatt fest. Verst fer dei med bord, sutak, kledning og møbler. Likevel er det mest alvorleg at dei kan ta knekken bærande konstruksjonar som sperr og bjelkar.


For å vita kva skade som er gjort, er det beste å kontakta eit skadedyrfirma. Oftast vil det svara seg å gjera ende på insektpakket medan det framleis er noko å gå på!

Motten er gammal på Bokn. Men Klimaendringane gjør at nye og endå meir utrivelege skadedyr er på veg mot oss.

Verst er mauren, særleg den svarte stokkmauren. Han gneg seg bol i treverk og isolasjon og kan på kort tid gjera fæl skade. Han er også mest umogeleg å bli kvitt utan eksperthjelp.

Mus og rotter

Ein skal heller ikkje la seg lura av skadedyr med sjarm. Når det går mot



Den fortærande motten.

vinter, kan du risikera ein heil invasjon av mus. Kanskje det mest skumle med dei, er at dei et opp elektrisk isolasjon noko som skapar stor brannfare.

Ganske fritt er det heller ikkje her på øyane for rotter. Eit rottepar i erotisk humør kan i løpet av eit år setja til verda opp til tusen ungar.

Når me veit at gangarane set til livs ni kilo för årleg, kan dei snart bli kostbare i kosten. Endå ringare er det at dei spreier smitte. Som nokre av oss veit, kom Svartedauden med rottene.

Moral:

Ta rotta på skadedyra før skadedyra tek rotta på deg!

Slit du med

MOTT, MAUR, MUS, SOPP ELLER RÅTE?



INSECTAas veit råd!

Ring tlf. 47258472 og avtal gratis synfaring og få råd om kva som kan gjerast!



www.insecta.no



Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veka kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie
mob: 909 24 964

Kjell Frode Lie
mob: 907 83 797



HÅRSMIÅ



Åpent alle ukedager

Har du problemer med transport kommer jeg hjem til deg

Tlf: 52748647 Mob: 46442920

Mona

Frisørgården på Boknaberg

Salongen er fremdeles på Boknaberg

Nye opningstider - Onsdagar, torsdagar og fredagar

Hilsen Anita - 52 74 85 34 eller mobil 99 32 55 34

Kommer tilbake med info om ev. flytting av salong

Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsener ved vår kjære Haldis Grønnestad sin bortgang

Sigmund med familie

Takk for alle helsingar på dagen min.

Hannemor

Du er velkommen med gratis takkeannonse i Bygdabladet

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 92 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97



COOP MARKED BOKN



Gi oss din mening om din lokalbutikk og du kan vinne ett reisegavekort á kr 10.000 eller et Coop-gavekort på kr 500. Hjelp oss til å bli bedre!

**Hjelp oss til
å bli bedre!**



Klikk deg inn på <http://kundeundersokelsen.coop.no/>

(Velg Coop Marked Føresvik)

ALLTID

Vi nuljer ut gebyrer og fjerner årsprisen!

Bestill vår gebyrfrie konto
ALLTID i dag!

Kom innom oss i Bokn eller
ta kontakt på telefon **02002.**

May Jorunn Vatneland, finansrådgiver
SpareBank 1 SR-Bank Bokn

Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank
SR-BANK 



| Funksjon | Namn | Tlf. | E-post |
|---------------------------------|------------------------|---------------------------|-------------------------------------|
| Ordførar | Kyrre Lindanger | 52 75 25 03 - 91 67 17 26 | kyrre.lindanger@bokn.kommune.no |
| Rådmann | Jan Erik Nygaard | 52 75 25 01 - 98 22 15 01 | jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no |
| Økonomi | | | |
| Økonomisjef | Solrunn Alvestad | 52 75 25 02 - 98 22 15 02 | solrunn.alvestad@bokn.kommune.no |
| Rekneskapsansvarleg | Norunn Jordbrekk | 52 75 25 07 | norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no |
| Skatteoppkrevjar | Lindy Haram | 52 75 25 09 | lindy.haram@bokn.kommune.no |
| IT | | | |
| IT-konsulent | Ture Kristiansen | 52 75 25 20 - 99 09 53 14 | ture.kristiansen@bokn.kommune.no |
| Servicetorg | | | |
| Servicetorgleiar | Gro Sørensen | 52 75 25 10 - 98 22 15 00 | gro.sorensen@bokn.kommune.no |
| Førstesekretær | Annette Bokneberg | 52 75 25 11 | annette.bokneberg@bokn.kommune.no |
| Helse, sosial, barnevern | | | |
| Seksjonssjef | Tore Bøe Olsen | 52 75 25 34 - 98 22 15 03 | tore.boe.olsen@bokn.kommune.no |
| Sjukestova | | 52 75 25 30 | |
| Legekontor | | 52 75 25 40 | |
| Sosialsjef/Barnevernsleiar | Reidar Alvestad | 52 75 25 04 - 98 22 15 04 | reidar.alvestad@bokn.kommune.no |
| Psykiatrisk sjukepleiar | Miriam Berland | 52 75 25 36 - 40 41 05 70 | miriam.berland@bokn.kommune.no |
| Helsesøster | Henriette S. Lindanger | 52 75 25 43 - 46 93 69 65 | henriette.lindanger@bokn.kommune.no |
| Kultur, skule, barnehage | | | |
| Seksjonssjef | Dag Halvorsen | 52 75 25 50 - 90 72 80 92 | dag.halvorsen@bokn.kommune.no |
| Rektor | Ingjerd Ellingsen | 52 75 25 51 - 98 22 15 11 | ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no |
| Skulekontor | Annette Bokneberg | 52 75 25 69 | annette.bokneberg@bokn.kommune.no |
| Kultursjef | Jardar Havikbotn | 52 75 25 08 - 98 22 15 08 | jardar.havikbotn@bokn.kommune.no |
| Barnehagestyrar | Tone Børgesen | 52 75 25 70 | tone.borgesen@bokn.kommune.no |
| Biblioteksjef | Linda Ognøy | 52 75 25 45 | linda.ognoy@bokn.kommune.no |
| Teknisk | | | |
| Seksjonssjef | Hans Faye | 52 75 25 05 - 98 22 15 05 | hans.faye@bokn.kommune.no |
| Kommuneingeniør | Unni Høivik | 52 75 25 06 - 98 22 15 14 | unni.hoivik@bokn.kommune.no |
| Post til Bokn kommune | | | post@bokn.kommune.no |
| Post til Bygdabladet for Bokn | | | post@bygdabladet.no |

Div. tenester på Boknatur

BOKN LEGEKONTOR

Opningstider kontor

- Tysdag, fredag og anna kvar torsdag (i partalsveker) kl. 08.30 – 15.00.

Telefontid desse dagane

- Kl. 08.00 - 11.00 og 13.00 - 14.00.

Telefon **52 75 25 40**.

Vikarordning med dr. Egenberg i Aksdal

· Ca. 10 uker i året vil Bokn legekontor vera stengt pga. kurs og ferieavvikling. Dr. Rønnevik har derfor inngått ei vikarordning med dr. Egenberg ved Hegren Legesenter i Aksdal for sine listepasientar.

· Ved behov for legetime dei vekene legekontoret på Bokn er stengt, kan man ringa Hegren Legesenter på tlf. 52 75 88 00 (telefontid kl. 08 -11.00 og 13.00 – 14.00) og få time hos dr. Egenberg. Me ber om at ein i størst muleg grad forsøker å få legetime på Bokn legekontor hos dr. Rønnevik. Dr. Egenberg skal kun nyttast når ein ikkje kan venta til ein får time på Bokn legekontor.

Generell informasjon

- Me gjer merksam på at det kjem eit avbestillingsgebyr på kr. 130 dersom man ikkje møter opp til avtalt time. Avbestilling må skje minst 24 timer før avtalt time. Avbestillingsgebyr gjeld også barn (kr. 130)
- Det er fortsatt muleg å få reseptane sine faksa til apoteket i Tysvær og medisinane brakt til butikken, men det kjem då eit ekspedisjonsgebyr på kr. 50 pr. gong.
- På legekontoret er det dessverre ikkje muleg å betala med bankkort.
- Nye pasienter må sjølve ringa den gamle fastlegen for å få sendt kopi av journalen til Bokn legekontor (gjeld alle). Det kostar kr. 85 å få utskrift av journalen sin hos sin gamle fastlege.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp

· For tilstandar som ikkje krev øyeblikkeleg tilsyn kan du ringa legekontoret **52 75 25 40** og få ein "akuttime" hos dr. Rønnevik. Dersom du ikkje får hjelp på legekontoret kan du ringa Bokns legevaktnummer **52 74 85 22**. Dei kan då enten setta deg i kontakt med dr. Rønnevik eller skaffa ytterlegare hjelp dersom nødvendig.

· **For tilstandar som krev øyeblikkeleg hjelp, ring 113**

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspenn, krus,m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

Rita Bokneberg - fotterapeut

TANNLEGEKONTORET

Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

Ingjerd Hope Myklebust- tannlege

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00

Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivitør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre veker, tlf. **52 75 71 75**

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000



Arbeids- og velferdsforvaltningen

Muggsopp i Kyrkjebygd kulturhus

Elisabet Taraldlien

Beklageleg har me fått påvist muggsopp i 1. etasje. Dette vil bli utbetra så snart som rå er, og saka har vore hjå teknisk til kostnadsbereking.

får til å legge ut møtereferata frå styremøta i Petraryret.
Me har mange moglegheiter!



I vår gjennomførte komunelegen og ungdomsarbeidaren ei befaring. Sidan befaringa har romma med muggsopp vore stengde. Her ser me ein vinduskarm med mindre vekst av muggsopp.



I byrjinga av august, var Unni W. W. Høivik og ungdomsarbeidaren og tok prøvar av golvet i kjellarlokala. Det viste seg å vere kraftig vekst av muggsopp under laminaten og det gamle tregolvet.

Det vil nok dessverre bli ganske dyrt, så utbetringa vil ikkje skje i innanverande år. Kjellarlokala vil i mellomtida vere stengde, grunna det kan vere helsefarleg å opphalde seg i lengre tid i desse lokala.

Men me har heile andre etasje å "boltre" oss i, og me er i gong med oppussing av lokala. Nokre av dei gamle møblene skal me flytte opp frå kjellaren, men mykje skal hivast. Og me har hiv mykje...

Me satsar på å få kjøpt nytt når me har råd til det. Petra har litt pengar å rutte med, men me må ta ein ting om gongen, å kjøpe skikkelege ting som har god kvalitet. Noko nytt har me allereie vore og kjøpt, men har ikkje fått alt på plass enda, for romma der ein del av det skal vere må malast først.

petra.no

Me har vår eiga nettside! Den kan de besøke og sjå kva som rører seg oppe hjå ungdommen! Ta ein titt på www.petra.no vell

Der legg me og ut bilder frå ulike arrangement. Me skal i gong med ein blogg på Petra sine sider, der me håpar det kan bli mange gode innslag.

Elles er det ungdommen sjølv som skal vere med å utforme sida slik at det blir ting DEI bryr seg om på SI sia. Me skal og leggje ut vaktlister, reglar, nyttige lenker, kanskje me

